



Møre og Romsdal
fylkeskommune

- ein tydeleg medspelar



FYLKESSTRATEGI

for landbruk i Møre og Romsdal

2023–2026



Overordna mål

Eit verdiskapande og mangfaldig landbruk i heile Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar

Innhald

Alle foto:
Erik Birkeland

Layout:
Tingh

Utgivar:
Kompetanse- og
næringsavdelinga

Trykk:
Fellestenesta

Møre og Romsdal
fylkeskommune



Innleiing.....	s. 3
1. Verdiskaping.....	s. 4
2. Berekraftig arealbruk.....	s. 8
3. Lokal foredling	s. 11
4. Kompetanse og rekruttering	s. 14
5. Miljø, klima og naturmangfold	s. 17
6. Nye forretningsidéar.....	s. 21
Fylkesstrategiane	s. 25
Berekraftsmål	s. 27
Lenker	s. 31



Ei berekraftig og verdiskapande landbruksnærings i heile Møre og Romsdal

Norsk landbruk produserer under halvparten av den maten vi treng, målt i energi. Om vi ser vekk frå fisk, og korrigerer for importert fôr, er sjølvforsyningensgraden på under 40 prosent. Konturane av ei global matkrise syner behovet for å behalde og utvikle ein berekraftig norsk matproduksjon. Møre og Romsdal er eit fylke med naturgjevne føresetnader for grasproduksjon, godt tilpassa for produksjon av mjølk og kjøt, men i eit landskap med mange små, og gjerne bratte jordlappar. Det gjer at ei effektivisering i form av stadig større og færre bruk vil nå ei smerteregnse, både økologisk og økonomisk.

Ein stadig mindre del av maten produsert av det norske jordbruket kjem frå Møre og Romsdal. I år 2000 hadde Møre og Romsdal litt over 7 prosent av jordbruksbedriftene og 6 prosent av dyrkjorda i Norge. 20 år seinare er dryge 6 prosent av bedriftene og om lag 5 prosent av dyrkjord i drift lokalisert her. For alle dei store husdyrproduksjonane har vår andel gått ned. Samla har landbruket ei årleg verdiskaping på 2,5 mrd. kroner, men verdiskapinga har gått ned med 49 mill. kroner sidan 2010.

Ei einsidig satsing på større bruk vil gje ei sentralisering av jordbruksproduksjonen i Møre og Romsdal. Store delar av fylket har ikkje nok areal som eignar seg til intensiv stordrift og det vil føre til at store areal med dyrkjord og beite går ut av drift. Dersom Møre og Romsdal skal behalde sin del av den jordbruksbaserte matproduksjonen, må det leggast til rette for at investeringar og lønsam drift vert mogleg på bruk som er tilpassa sitt lokale ressursgrunnlag i form av dyrkjord og beite.

Tilveksten i skogen er større enn uttaket.

Det gir muligheter både for verdiskaping og bidrag til klimarekneskapen. Likevel vert for mykje gran hogd før den er hogstmoden. Å la grana stå lenger vil både bidra til meir binding av CO₂ og betre økonomien ved hogst. Møre og Romsdal er ein del av Kystsogbruket, og gjennom det samarbeidet vil vi bygge berekraftig vekst i verdiskaping og karbonbinding i skogen.

Framtidas reiselivsnærings skal bygge attraktivitet gjennom berekraft. I dette ligg fokus på unike opplevelingar basert på lokal natur, kultur og mat – heile året. Landbruket produserer kulturlandskap til fellesskapet, men skal også vere med på veksten ved å tilby fleire matopplevelingar, aktivitetar og overnatting.

Landbruket skal ta sin del av ansvaret for miljø og klima. Gjennom Klimaavtalen med Staten har landbruket forplikta seg til konkrete kutt i utslepp av klimagassar. Landbruket i Møre og Romsdal må ta sin del av dette, gjennom konkrete endringar på kvart enkelt bruk. Regionale støtteordningar må brukast for å fremme god agronomisk drift, som reduserer utslepp både til luft og vatn.

Vi treng nye bønder! Den typiske bonden i Møre og Romsdal er ein mann på 53 år, som har vakse opp på bruket, og i dag driv med mjølk eller anna husdyrhald. Det er ingenting feil med han, men viss landbruket skal overleve trengst det økonomiske rammevilkår som sikrar rekruttering og eit større mangfold av måtar å drive landbruk på. Fleire må få sjansen til å prøve seg i yrket, også dei som er fødde utan odelsrett.



1. Verdiskaping

Landbruket i Møre og Romsdal har tapt marknadsandelar, men har potensiale til å produsere meir

Landbruket i Møre og Romsdal – ei milliardbedrift

Verdiskapinga frå primærproduksjonen i landbruket i Møre og Romsdal er berekna til nesten 1,4 mrd. kroner i 2020. Av dette kom 1 025 mill. kr i 2020 frå jordbruket, 186 mill. kroner frå skogbruket medan ulike tilleggsnæringer summerte seg til 162 mill. kroner. Næringsmiddel- og anna foredlingssindustri i fylket, som er avhengig av råvarer frå lokalt jord- og skogbruk, bidrog med ei verdiskaping på 1 173 mill. kroner. Samla skaper altså landbruket kvart år verdiar for 2,5 mrd. kroner i Møre og Romsdal. (NIBIO rapport 8/64/22). Verdiskapinga frå jordbruket har blitt redusert med 49 mill. 2020-kroner sidan 2010, og Møre og Romsdal sin del av den nasjonale jordbruksproduksjonen har gått ned.

Kostnadsvekst gjev utfordringar

Prisane på gjødsel, kraftfôr, drivstoff, byggematerial og andre innsatsfaktorar har eksplodert frå 2020 og utover. Dette får direkte verknader for botnlina i kvar enkelt landbruksbedrift, og utfordrar den nasjonale landbrukspolitikken. For den enkelte bonde tvingar dette fram ei omstilling: Korleis produsere like mykje og med like høg kvalitet, med mindre bruk av kunstgjødsel, mindre diesel, og mindre kraftfôr?

Behov for auka sjølvforsyning – ved berekraftig bruk av eigne ressursar

Pandemi og krig i Europa har tidleg på 2020-talet ført til sterk auke i matprisane på verdsmarknaden og dermed fokus på matforsyning og -beredskap. Det kan





absolutt dyrkast meir mat i Møre og Romsdal, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar. Kvaliteten på grovføret må opp, og meir ressursar kan hentast i utmarka. Nye sortar og ny teknologi gjer det mogleg å produsere meir korn, frukt og grønsaker, men distribusjonssystemet og verdikjedene må endrast slik at den lokalproduserte maten vert lettare å finne i butikkhyllene.

Mjølkeproduksjonen er framleis berebjelken, men store utfordringar ventar

Møre og Romsdal har eit klima og eit landskap som høver godt for produksjon av grovfôr. Difor kjem 2/3 av verdiskapinga i jordbruket i Møre og Romsdal frå mjølk og kjøtproduksjon på storfe. Nye krav til

dyrevelferd vil krevje ekstraordinære investeringar for å oppretthalde produksjonen i åra framover. Frå 2022 til 2034 må det i Møre og Romsdal byggast om og byggast nye fjøs til ein kostnad på opp mot 2 mrd. kroner, viser utrekningar frå TINE Rådgiving.

Potensiale for meir og berekraftig verdiskaping frå skogen

Trefiber er ein framtidsrettta ressurs. Både i form av byggemateriale, råstoff i prosessindustrien og til fornybar energi er potensialet stort for auka verdiskaping, samstundes som bruk av tre er ein del av klimaløysinga. I Melding om Kystsogbruket 2022 er det vedtatt ambisiøse mål for skog og treindustrien, og næringa i Møre og Romsdal må jobbe for å nå sin del av desse.



Resultatmål 1:

Auke verdiskapinga frå landbruket i Møre og Romsdal

Landbruket i Møre og Romsdal skal auke produksjonen av varer som marknaden etterspør, og som vi har naturgitte fortrinn for å produsere. Produksjonen skal i størst mogleg grad vere basert på berekraftig bruk av lokale innsatsfaktorar.

Strategiar for å nå målet:

1.1 Arbeide for rammevilkår som gjev potensiale for lønsam drift, gjennom berekraftig utnytting av ressursane på kvar enkelt gard

- Bruke Fylkestinget som eit tydeleg talerøy for rammevilkår som gjer landbruket i Møre og Romsdal konkurransedyktig
- Sørge for oppdatert kunnskapsgrunnlag om landbruksnæringa i Møre og Romsdal, gjennom årleg Fylkesstatistikk, regelmessige trendundersøkingar og måling av verdiskaping og ringverknader
- Halde fram med samarbeidet i Partnarskap for landbruket om best mogleg bruk av dei regionale støtteordningane

1.2 Dokumentere og vise fram behovet for investeringsstøtte til landbruksnæringa i Møre og Romsdal

- Gje Innovasjon Norge tydelege føringar for prioritering av investeringsstøtte i Møre og Romsdal
- Sikre nok midlar til nødvendige investeringar som følgje av nye krav i mjølk og kjøtproduksjonen

1.3 Sikre ein beredskap for bonden i arbeidskveldagen

- Arbeide for velferdsordningar som sikrar bonden ferie, fritid og tryggleik ved sjukdom, svangerskap og barsel
- Bidra til å oppretthalde og styrke veterinærvakta i alle delar av fylket





1.4 Arbeidet for ei firedobling av verdiskapinga i Kystsogbruket fram mot 2045 (Kystsogbruksmeldinga 2022)

- a. Redusere ungskoghogsten og bidra til auke i skogplanting og ungskogpleie
- b. Gjennom målretta bruk av investeringsvirkemiddel, sørge for utbygging av infrastruktur som gjer skogbruket meir lønsamt og berekraftig
- c. Hogge på rett plass til rett tid: Gjennomføre ei utvida kartlegging av skogressursane for å finne ut kvar verdiskapingspotensialet ved hogst er størst

1.5 Ta i bruk ledig og eigna areal for å auke produksjonen av korn, frukt, bær og grønt

- a. Styrke rådgjevinga på planteproduksjonane
- b. Kartlegge eigna lokalitetar for produksjon
- c. Stimulere til utvikling av lokalt mottaksapparat og nye salskanalar

1.6 Auke produksjonen av lokalt fôr

- a. Kartlegge potensiale for dyrking av meir fôrkorn og andre fôrråvarer som kan inngå i eller erstatte kraftfôr
- b. Fremme tiltak som forbetrar kvaliteten på grovfôr dyrka i Møre og Romsdal



2. Berekraftig arealbruk

Produksjonsarealet i landbruket har krympa, og må sikrast for framtida

Jordbruksarealet i Møre og Romsdal blir redusert

Fra 2010 til 2020 gjekk jordbruksarealet i fylket ned med 10 prosent. I dag (2021) utgjer jordbruksarealet i fylket 4,3 prosent av fylket sitt landareal. Jordbruksarealet i Møre og Romsdal utgjer 5,2 prosent av jordbruksarealet i landet i 2020, ein nedgang på fem prosentpoeng fra 2010. Gjennomsnittsarealet per bruk i Møre og Romsdal har gått fra 187 dekar i 2010 til 213 dekar i 2020. Omlag 96 prosent av alt jordbruksarealet i Møre og Romsdal vert nytta til grovfôrproduksjon (tal frå søknader om arealtilskot).

Vi plantar for lite skog

Det er 2 821 797 dekar produktiv skog i Møre og Romsdal, dette utgjer 19,7 prosent av landarealet (NIBIO Arealbarometer). Når det gjeld samsvar mellom hogst og skogplanting, vert det planta mindre skog enn det som vert tatt ut. På 50-talet var skogplantinga oppe i over 17 000 dekar i året i Møre og Romsdal, medan i 2019 er skogplantinga i fylket i underkant av 4 000 dekar per år (Statsforvaltaren). Landskogtakseringen 2016–2020 viser at gran utgjer 16 prosent av det produktive skogarealet og 37 prosent av det totale skogvolumet. Vi må plante meir skog for å oppretthalde produksjonen av tømmer i framtida.

Jordvernet blir skjerpa

Matjord er ein knapp ressurs som må forvaltas i eit langsiktig perspektiv. I Hurdalsplattforma har Regjeringa sett eit mål på

50 prosent for sjølvforsyningssgrad av norske matvarer. Det vil seie at kvart fylke må gjere sin del for å redusere nedbygging av landbruksarealet. I Møre og Romsdal har omdisponeringa av dyrka jord vore under 200 dekar årleg dei siste tre åra. I Hurdalsplattforma har ein sett opp eit langsiktig mål om maksimal omdisponering av 2 000 dekar dyrkamark årleg, for Møre og Romsdal vil dette svare til 100 dekar årleg.

Stor del leigejord, driveplikta kan vere utfordrande å handheve

Mange bruk går ut av produksjon, tal landbrukseigedomar i Møre og Romsdal er redusert med 6,6 prosent medan talet på jordbruksføretak er redusert med 21 prosent fra 2010 til 2020. Dette viser at mange sit med nedlagte landbrukseigedomar der jorda vert leigd ut. Kommunane skal forvalte regelverket om driveplikt, og legge til rette for at ressursane vert forvalta på ein god måte. Leigejordandelen for fylket samla sett er om lag 58% med kommunevis variasjon frå 48 til 84 prosent. Mykje areal vert drive ekstensivt. Det er mindre vilje til å sett i gang prosjekt som drenering for å betre jordforholda på leigejord, og køyreavstandar til leigejorda er ofte over dobbelt så lang som avstanden til eigd jord.

Beiteressursane er viktige

Vi har store fôrressursar på innmarksbeite



og i utmarka i Møre og Romsdal. Tap på utmarksbeite på grunn av flåttborne sjukdommar og rovdyr er store utfordringar i delar av fylket. Hjortestammen i Møre og Romsdal har auka dei siste åra og

kartlegging av beiteskadar av hjort har vist at i enkelte område fører beiting av hjort til betydelege avlingstap både på fulldyrka jord og på innmarksbeite.

Resultatmål 2:

Behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning

Den beste måten å verne produksjonsarealet i landbruket er ved å bruke dei til aktiv landbruksproduksjon. Verdien av jorda må opp, ved å auke kunnskapen om jordressursane.

Strategiar for å nå målet:

2.1 Arealforvaltning som vernar dyrka og dyrkbar jord mot nedbygging, og som sikrar at dyrkjorda vert vedlikeholden gjennom aktiv bruk

- Sørge for at maksimalt 100 da dyrka jord vert omdisponert til andre formål kvart år
- Styrke kommunal landbruksforvaltning sitt arbeid med langsiktige avtalar for leiejord og handheving av driveplikta
- Arbeide for arealnøytralitet som prinsipp i arealplaner: Dersom jord eller skog blir bygd ned, skal det erstattast med nydyrka jord eller skogplanting
- Fortetting av allereie nedbygd areal skal alltid vurderast før omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord

2.2 Auke kunnskapen om arealressursane i Møre og Romsdal

- Få utført jordsmonnkartlegging i alle kommunar i Møre og Romsdal
- Få utført kartlegging av dei viktigaste beiteområda i fylket
- Undersøke potensiale for karbonbinding på ulike arealtyper



2.3 Redusere bestanden av hjortevilt i Møre og Romsdal

- a. Samarbeide med viltforvaltning og jaktinteressene for å redusere øvlingstap på innmark og skade på skogen pga. viltbeiting
- b. Utgreie mulighetene for meir lokal verdiskaping basert på hjorteviltet

2.4 Sikre dei framtidige skogressursane

- a. Sørge for at hogd areal blir planta til med ny skog, med mindre det skal nyttast til grovfordyrking eller beite



3. Lokal foredling

Landbruket sin foredlingsindustri er avhengig av lokal råvareproduksjon – og motsett

I Møre og Romsdal var det i 2020 følgje NIBIO si verdiskapingsanalyse 3 545 sysselsette innan næringsmiddelindustrien. Foredling av fisk, skaldyr og blautdyr utgjer 51 prosent av dette, medan NIBIO legg til grunn at 850 av dei sysselsette er direkte avhengig av råstoff frå jordbruket i Møre og Romsdal. I den skogbaserte industrien er det registrert 539 sysselsette i Møre og Romsdal, der om lag 35 av desse er avhengig av råstoff frå skogbruket i Møre og Romsdal.

Næringsmiddelindustrien har størst verdiskaping

Den samla verdiskapinga i landbruksbasert industri, som er avhengig av landbruket i Møre og Romsdal, er rekna ut til å vere på 1 173 mill. kroner, der næringsmiddelindustrien står for 1 151 mill. kroner. Meierisamvirket TINE har per 2022 fire foredlingsanlegg i Møre og Romsdal, i Elnesvågen, Tresfjord, Ålesund og Ørsta, der ein stor del av mjølka i fylket vert foredla. I tillegg er det fleire slakteri- og kjøttforedlingsanlegg, med Ole Ringdal AS på Hellesylt som det største. Det er også fleire mindre foredlingsanlegg rundt i heile fylket, som driv ysteri, kjøttforedling, slyting, safting

og anna foredling av lokale råvarer. Marknaden for lokalt foredla produkt med sær preg er veksande.

Tilgang på arbeidskraft er ei hovudutfordring

Landbruket sin foredlingsindustri deler dei same utfordringane som all anna industriproduksjon i Møre og Romsdal. Tilgang på kvalifisert arbeidskraft, kostnadsvekst og krav til berekraftig drift krev omstilling. Dette er nærmere omtalt i Fylkesstrategi for forsking og innovasjon, og tiltaka i den strategien er også ein del av løysinga for landbruket sin foredlingsindustri. Bedriftene i Møre og Romsdal bør i større grad ta i bruk regionale virkemiddel for omstilling og innovasjon.

Kampen om plassen i butikkhylla er hard

Sentralisering av kjedemakt i daglegvarehandelen er ei utfordring, som gjer marknadstilgang for landbruksprodukt produsert i Møre og Romsdal vanskeleg. For å utvikle meir av småskala foredling i Møre og Romsdal må dette jobbast vidare med.



Resultatmål 3:

Auke verdiskapinga frå foredling av landbruksråvarer frå Møre og Romsdal

Næringsmiddel- og anna industri som foredlar råvarer frå landbruket i Møre og Romsdal skal utviklast og omstillaust i takt med nye krav. Samstundes er det rom for meir småskala foredling, både retta mot den innanlandske marknaden og besökande. Å sikre marknadstilgang for lokalt produserte varer blir viktig for å lukkast med dette.

Strategiar for å nå målet:

3.1 Bidra til målet om «Auka innovasjonstakt i Møre og Romsdal» (Fylkesstrategi for forsking og innovasjon i Møre og Romsdal 2021–2024)

- a. Auke landbruksindustrien sin bruk av regionale virkemiddel for forsking og innovasjon
- b. Kople landbruket sin industri tettare til innovasjonsmiljøa i fylket

3.2 Bidra til produktutvikling som kan skape ny foredlingsindustri i Møre og Romsdal

- a. Skape møteplassar mellom foredlingsindustrien og råvareprodusentane
- b. Utforske mulighetene for nye verdikjeder i samarbeid mellom landbruk og marin næring
- c. Vidareutvikle samarbeidet mellom marine og landbruksbaserte bedrifter og forskingsmiljø

3.3 Delta i etablering av ei midtnorsk jordbruksklynge med fokus på å ta i bruk og utvikle ny teknologi

- a. Kombinere dette med forsking som landbruksnæringa har bruk for





3.4 Sørge for kvalifisert rekruttering ved at flere får lære plass i den landbruksbaserte foredlingsindustrien

3.5 Bidra til å utvikle nye berekraftige verdikjeder, industrietableringer og produksjon av nye produkt basert på tre som råstoff (Kystskogmeldinga 2022)

3.6 Jobbe for nye løysingar som sikrar distribusjon og marknadstilgang for lokalt produserte landbruksprodukt



4. Kompetanse og rekruttering

Landbruket treng kompetanse og rekruttering for framtida

Fleire bør få tilgang til formell landbrukskompetanse

I Møre og Romsdal er det Gjermundnes vidaregåande skule som har agronomutdanning heilt opp til vg3. Dei siste åra har 5-10 elevar fullført agronomutdanninga kvart år. I tillegg er det nyleg oppretta vgl naturbruk ved Tingvoll vidaregåande skule. Gjermundnes vidaregåande skule har sidan 2017 tilbydd vaksenagronom-kurs annakvart år, og opplever fulle klasser ved kvart inntak. Dette er eit positivt og viktig tiltak for kompetanseheving for framtidige bønder.

Kunnskap om landbruket må koplast til andre fag

Rekruttering og kompetansebygging i heile verdikjeda i landbruket må sjåast i samanheng. Det inneber at vi må arbeide for å få ei god kopling mellom rekruttering til både naturbruk og restaurant- og matfag i vidaregåande skule og etter- og vidareutdanning for å sikre kompetanse i landbruket og mat- og måltidsbransjen. I tillegg må det leggast til rette for å tilby nødvendig kompetanseheving og møteplassar for dei som i dag driv jord og skogbrukverksemd i fylket.

Forskningsmiljøa og rådgjevingstenesta spelar ei viktig rolle

Landbruket er ei kompetanseintensiv næring. FoU-verksemde NIBIO Tingvoll og NORSØK

har i dag til saman om lag 33 årsverk og er eit viktig fagmiljø for forsking og utvikling innan landbrukssektoren. Landbruksnæringa har behov for FoU-aktørar som kjenner lokale forhold, og institusjonane har nytte av forankring i det lokale miljøet. Den evna landbruket har til å initiere relevant forsking, og implementere ny kunnskap i produksjonen vil vere ein suksessfaktor. Dette viser behovet for godt samspel mellom næring, rådgjevingsteneste, forvaltning, forsking og utvikling.

Jordbruksklynge og kompetansenettverk som ein del av Midt-Norge

I 2021 løfta faglaga fram eit ønske om å danne ei jordbruksklynge i Midt-Norge. Dette er ei klynge som skal arbeide med optimalisering innan digitalisering, teknologi og presisjonsjordbruk, samt berekraft og miljøleiing. Klyngesatsinga vil vere ein viktig bidragsytar i FoU-satsinga i fylket. Kompetansenettverket for mat og drikke i Midt-Norge ligg på Matnavet på Mære. Dei tilbyr kompetanse og rådgjeving for auka lokal verdiskaping av mat og drikke. Møre og Romsdal bør i større grad gjere seg nytte av desse tenestene.

Det trengst meir kompetanse og kapasitet i den offentleg landbruksforvaltninga

Kommunane, fylkeskommunen og Statsforvaltar må samarbeide tett med



landbruksnæringa for å fange opp behova i næringa. I tillegg må ein legge til rette for kompetanseheving og nettverksbygging for dei landbruksansvarlege i kommunane. Regionalt partnarskap for landbruk i Møre og Romsdal er ein arena der aktuelle pro-

blemstillingar og behov i næringa vert løfta fram. Partnarskapet kjem med prioriteringar for IBU-midlane i Innovasjon Norge kvart år. Partnarskapet skal også vere med å prioritere korleis landbruksverkemidla fylkeskommunen forvaltar skal prioritertast.

Resultatmål 4:

Auke kompetansenivået og innovasjonstakta i landbruksnæring og forvaltning

Landbruket er i rask endring, og krava til kompetanse aukar både for bonden, rådgivningsapparatet og forvaltinga. Omgrepet innovasjonstakt er henta frå Fylkesstrategi for forsking og innovasjon i Møre og Romsdal. I dette ligg det mellom anna mål om meir bruk av virkemiddel for forsking og innovasjon.

Strategiar for å nå målet:

4.1 Utvikle ei framtidsretta og attraktiv naturbruksutdanning, som både utdanner ungdom som vil inn i næringa, og tilbyr etter- og vidareutdanning av bønder

- Sikre bygging av eit nytt framtidsretta fjøs på Gjermundnes
- Arbeide for fleire læreplassar og praksisplassar innan jord-, skogbruk og vidareføring

4.2 Kople landbruket til relevante fag i vidaregåande opplæring

- Auke merksemd og kunnskap om lokale landbruksråvarer i utdanningstilbodet restaurant og matfag
- Auke kunnskapen om bruk av tre som byggemateriale i utdanningstilbod innan byggfag





4.3 Sikre ein rådgjevingsteneste og landbruksforvaltning med spisskompetanse på lokale problemstillingar, og kopla til leiande kunnskapsmiljø i inn- og utland

- a. Utvikle eit meir heilskapleg kompetansetilbod for bøndene
- b. Styrke tilboden om vegvalsrådgjeving for bønder

4.4 Sørge for nettverk og kompetanseheving for dei landbruksansvarlege i kommunane

- a. Føre tilsyn og drive rettleiing som sikrar at kommunane utfører sine oppgåver innan landbruksforvaltning
- b. Fremme tett samarbeid mellom nivåa i landbruksforvaltninga

4.5 Styrke forskingsmiljøa vi har på landbruk her i fylket, og vidareutvikle samarbeidet med forskarmiljøa innan marin sektor

- a. Særleg innsats for å realisere fleire regionale forskingsprosjekt

4.6 Styrke nettverk og kompetansehevingstiltak for nye bønder

- a. Gjennomføre som samarbeid mellom organisasjonar



5. Miljø, klima og naturmangfald

Landbruket må ta sin del av ansvaret for miljø og klima

Landbrukets klimaplan må gjennomførast

Jordbruksdepartementet stod for 9,1 prosent av Noregs samlede utslepp i 2020 (kilde: SSB og Miljødirektoratet). Utsleppa har gått ned med 6,4 prosent sidan 1990. Den 21. juni 2019 inngjekk Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag ein avtale med regjeringa om å redusere klimagassutsleppa og auke opptak av karbon frå jordbrukssektoren i perioden 2021–2030. Planen skisserer løysningar som vil redusere dei samla klimagassutsleppa frå jordbrukssektoren med 4–6 millionar tonn CO₂ ekvivalentar i denne perioden. Planen inneheld åtte satingsområder for landbruket sitt klimaarbeid, sjå Landbrukets klimaplan.

Skogen er ein del av klimaløysinga

I Melding om Kystsksogbruket 2022 er det satt eit mål om å auke karbongfangst og karbonlagring med 5 millionar tonn CO₂ årleg innan 2045. Skogen har stor evne til karbongfangst, I Møre og Romsdal er det 57 millionar tonn CO₂ lagra i ståande skog, og vi har eit årleg nettoopptak på 1,2 millionar tonn CO₂. I dag vert mykje skog hogd for tidleg, før treet har nådd dimensjon for optimal CO₂ fangst, og det vert planta for lite etter hogst.

God agronomi reduserer utslepp og fangar karbon

God drenering og betre utnytting av husdyr-

gjødsel og mineralgjødsel er god ressursbruk og gir lågare klimagassutslepp. God grovfôrkvalitet vil bidra til lågare metanutslepp frå vom og gjødsel, samt redusert kraftfôrforbruk. Miljøvenlege spreiemetodar og godt drenert jord vil redusere utslepp av lystgass og bidra til høgare avlingar. Bruk av fangvekstar og biokol er tiltaka som vert vurdert ha størst effekt i norske forhold når det gjeld karbonlagring i jord.

Potensiale for meir fornybar energi

Gjennom landbrukets klimaplan er det målsetning om fossilfri oppvarming og fossilfri maskinpark innan 2030. Biodrivstoff er den energikjelda som er nærmast til å kunne erstatte fossilt brensel i maskinparken og vil kunne redusere utsleppa i underkant av 1,4 millionar tonn CO₂ ekvivalentar. Elektrifisering kan også gje betydelege utsleppskutt når teknologien er på plass. I Møre og Romsdal er det bygd gardsanlegg for biogass og fleire er under planlegging. I kombinasjon med fiskeavfall kan utslepp av metan bli redusert. Reststoff frå skogbruket er også gode råvarer for ulike former for bioenergi.

Miljøutsleppa frå landbruket må ned

Utslepp frå landbruket har størst påverknad på innsjø- og ellevassførekommunar. Føreyggande tiltak som kantvegetasjon inntil dyrka areal, god drenering, riktig gjødsling



og gjødseltidspunkt, bruk av fangvekstar kan redusere faren for avrenning. Landbruksnæringa må få ned forbruket av landbruksplast, og utvikle gode system for handtering, levering og resirkulering.

Landbruket må ta ansvar for artsmangfaldet

Som forvaltar av store areal med viktige biologiske verdiar har landbruket eit særskild

ansvar for det biologiske mangfaldet. Om lag 24 prosent av artane kategorisert som trua og sårbare er knytt til kulturlandskapet. Regionalt miljøprogram er eit viktig virkemiddel i arbeidet med bevaring av verdifulle kulturlandskap i jordbruket. Det har også kome ein nasjonal tiltaksplan for pollinerande insekt 2021–2028 som ein må ta omsyn til.



Resultatmål 5:

Landbruket skal redusere sine miljø- og klimautslepp og ta vare på miljøverdiar i landskap og jordsmonn

Landbruket bygger på fotosyntesen og kretsløp av næringsstoff. Eit landbruk som ikkje spelar på lag med naturen er ikkje berekraftig. Difor har landbruket i klimaavtalen med Staten som mål å kutte 4-6 mill. tonn CO₂-ekvivalentar dei neste 10 åra. Landbruket i Møre og Romsdal skal også ta sin del av ansvaret for å gjennomføre tiltak og nå måla i plan for Møre og Romsdal vassregion.

Strategiar for å nå målet:

5.1 Gjennomføring av landbruket sin klimaplan i Møre og Romsdal

- a. Styrke klimarådgjevinga i landbruket, gjennom meir bruk av Klimakalkulatoren
- b. Utvikling og gjennomføring av konkrete miljø- og klimatiltak på kvar enkelt gard

5.2 Redusere utslepp fra landbruket til vatn og luft

- a. Gjennomføre tiltak i plan for Møre og Romsdal vassregion
- b. Bruke støtteordningar i regionalt miljøprogram som verktøy for reduksjon av utslepp
- c. Styrke rådgjevinga for betre utnytting av husdyrgjødsla
- d. Auke drenering av dyrkjorda, gjennom meir bruk av dreneringstilskot
- e. Utgreie tiltak for å redusere bruken av landbruksplast

5.3 Auke karbonfangst og - lagring i skog og trevirke (mål om 5 mill. tonn årleg i kystsogfylka)

- a. Utsette tidspunkt for hogst av skogen
- b. Meir bruk av lokalprodusert virke i trebygg
- c. Auke skogplantinga etter hogst
- d. Auke drenering av dyrkjorda, gjennom meir bruk av dreneringstilskot





5.4 Auke karbonfangst og - lagring i skog og trevirke (mål om 5 mill. tonn årleg i kystskogfylka)

- a. Bidra til etablering av fleire anlegg for biogass, solcelle, gardsvindmøller m.m.

5.5 Bidra til å stanse tap av naturtypar og artar, og ta vare på miljøverdiane

- a. Bruke støtteordningar i regionalt miljøprogram som verktøy for å ta vare på kulturlandskap og arts mangfold
- b. Stimulere til meir beiting i utmark og bruk av kulturbeite

5.6 Bidra til å auke kunnskapen om karbonbinding,

- a. i grasmark og beite
- b. i skog, og ved bruk av tre som byggemateriale



6. Nye forretningsidéar

Det er potensiale for ny næring i landbruket

Verdiskapinga i landbruket består av meir enn å produsere mjølk, kjøt og byggematerial. Det er i dag ein aukande marknad for opplevingar og tenester frå landbruket. Nye verdikjeder og distribusjonskanalar vert utvikla, og landbruket har alltid vore «mangesysleri».

Mange henter inntekter frå tilleggsnæring

I NIBIO sin verdiskapingsanalyse er det 52 prosent av landbruksføretaka i Møre og Romsdal som driv ein eller annan form for tilleggsnæring. Leigekøyring er den vanlegaste tilleggsnæringa (26 % av førekostane), deretter kjem utmarksnæring (21%), ulike former for utleige (21%), tenesteyting (14%), vedproduksjon/juletre m.m. (11%), reiseliv (55%), vidareforedling (3%) eller andre aktivitetar (3%).

Samla sett har NIBIO rekna ut at tilleggsnæringane gav ei verdiskaping på 162 mill. kroner i bruttoprodukt i 2020, og ei sysselsetjing på 165 årsverk. Samstundes kan tilleggsnæring fort bli hovudnæring. Ruralis sin rapport «Trender i norsk landbruk 2022» viser at 27 prosent av bøndene vil halde fram med tilleggsnæring på bruket i same omfang som i dag, medan 15 prosent har planer om å auke omfanget av anna næringss verksemd enn tradisjonelt jord- og skogbruk.

Potensiale for auka tenesteproduksjon frå garden

Den nasjonale reiselivsstrategien, «sterke inntrykk, små avtrykk», viser at verdiskaping og sysselsetjing i reiselivet er i stadig vekst. Norsk mat og drikke er viktig del av opplevinga, og mangfold og kvalitet har hatt ei rivande utvikling siste 20 åra, også i Møre og Romsdal.



Gjennom Inn på tunet kan landbruket vere ein arena for helse, omsorg og opplæring. Slike tenester har eit potensiale for å skape arbeid fleire arbeidsplassar i landbruket i åra framover.

Ambisjonar om meir økoproduksjon

Ruralis konkluderer, i ein rapport bestilt av Statsforvaltaren (2022), med at det er rom for å auke den økologiske jordbruksproduksjonen i Møre og Romsdal. Mulighetene er størst ved å satse på produksjon basert på beitedyr, og ved å auke produksjonen av grønsaker, frukt, bær og korn.

Må få tilgang til marknaden

Daglegvaremarknaden i Norge er dominert av nokre få store og sentralstyrte kjeder. Å få tilgang til marknaden kan vere ei utfordring for lokale produsentar. For å auke foredlingsgrad og dermed verdiskapinga må nye mottaksapparat, distribusjons- og salskanalar testast ut.

Landbruket – ein grøn energiprodusent

I ein situasjon med aukande energiprisar vert energiproduksjon på eigen gard stadig meir aktuelt. Det gjeld både vedproduksjon og bioenergi. Også her kan salskanalar og distribusjon vere ein flaskehals, og noko det bør jobbast for å forbetre.



Resultatmål 6:

Fleire og betre forretningsidear med gardsbruket som utgangspunkt og nye marknader som mål

Landbrukseigedomen og gardbrukaren har mange ulike ressursar som kan vere grobotn for næringsutvikling. Vi skal nytte gründerhjelpa i hoppid.no til å ta alle initiativ på alvor, og tenke nytt om kva vi kan by fram frå landbruket. Både for mat og tenester frå landbruket finst det marknader som vil betale godt for rett kvalitet. Det blir viktig å vise fram kva store og små tilbod som finst i Møre og Romsdal.

Strategiar for å nå målet:

6.1 Få fram fleire gründerar som brukar garden som arena for nye produkt, nye tenester og nye forretningsmodellar

- Bruke gründerhjelpa i hoppid.no til å utvikle fleire bedrifter med gardsbruket som utgangspunkt

6.2 Skape fleire berekraftige heilårsopplevelingar i landbruket

- Utvikle fleire unike matspesialitetar som ingrediens i dei opplevingane besøkande i Møre og Romsdal vil betale for
- Utvikle fleire opplevingsprodukt og overnattingstilbod knytt til aktiv gardsdrift
- Bruke rådgivingstenestene i det regionale kompetansenettverk for lokal mat og drikke
- Sette i gang fleire bedriftsnettverk som koplar reiseliv, mat og kultur

6.3 Utdanne fleire kokkar som ser potensiale i lokale råvarer

- Få opp fleire læreplassar for kokkar i Møre og Romsdal
- Etablere eit samarbeid mellom landbruksnæringa og utdanningstilboda innan restaurant og matfag





6.4 Utvikle og ta i bruk nye salskanalar for lokalproduserte landbruksvarer

- a. Meir direktesal mellom produsent og forbrukar, gjennom ordningar som rekoring, andelslandbruk, marknadshagar m.m.
- b. Utgreie mulighetene for fleire lokale mottak og distribusjonsledd slik at frukt, bær og grønt og andre lokalproduserte varer når fram til marknaden

6.5 Auke produksjonen av økologiske landbruksprodukt i Møre og Romsdal

- a. Gjennomføre prioriterte tiltak i rapport frå Ruralis (2022)

6.6 Vidareutvikle tilbodet av Inn på Tunet-tenester i Møre og Romsdal, i takt med etterspørsel og betalingsvilje

- a. Bidra til å vise fram kva Inn på Tunet-bedrifter kan tilby

6.7 Utvikle breidde i lokalmattibilodet

- a. Fremme nisjeprodukt som til dømes birøkt. I tillegg til produksjon av honning og bieprodukt er biene gode pollinatorar og nødvendig for fruktdyrking



Fylkesstrategiane

– ein del av Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal
2021 – 2024

Denne fylkesstrategien er ein del av Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021 – 2024. Det overordna fylkesplandokumentet er organisert etter, og bygger på FN sine 17 berekraftmål, er ein regional plan, og er utarbeidd etter krava i Plan- og bygningsloven.

Dette betyr at den, med sine underliggende dokument, skal ligge til grunn for kommunar og regionale statsetatar si verksemd. Fylkesplanen består av 24 fylkesplanmål som følgjer opp dei fire langsiktige utviklingsmåla i Regional planstrategi 2020 – 2024 (RPS):

Samarbeidsfylket

Møre og Romsdal skal vere eit føregangs-fylke på samarbeid, samskaping og samstyring

Inkluderings- og kompetansefylket

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu

Miljøfylket

Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr.1

Verdiskapingsfylket


Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalte leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor





Fylkesplanen inneholder 24 fylkesplanmål og korte grunngjevingar for desse. Fylkesstrategien blir utarbeidd i samarbeid med partar som blir omfatta av strategien. Den utdjupar måla i RPS og fylkesplanen, og går ned i sitt

fagfelt. Inne i fylkesstrategien vil du finne dei fylkesplanmåla strategien går i djupna på. Resultatmål og tiltak i fylkesstrategien blir lagt inn i økonomiplanen og får finansiering der:



Berekraftsmål

Oversikt over berekraftsmål, dei fire langsiktige utviklingsmåla, og fylkesplanmål som Fylkesstrategi for landbruk skal bidra til å nå

Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke på samarbeid




Aktuelle fylkesplanmål:

S1: utvikle eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom offentlege aktørar, frivilligheit, næringsliv og kulturliv for å følgje opp FN sine berekraftmål



Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1



Aktuelle fylkesplanmål:

M1: redusere klimagassutsleppa slik at fylket er klimanøytralt i 2030, og bidra til 55 prosent kutt i ikkje-kvotepliktig sektor

M2: forvalte sjø- og landareala slik at det blir lagt til rette for berekraftig verdiskaping, basert på ein arealbruk som avgrensar behovet for transport, og hindrar unødvendige landskapsinngrep

M3: ha god tilstand på 90 prosent av økosistema både på land og i vatn, og stanse tap av naturtypar og artar

M4: bevare viktige landskap, og redusere tapet av verdifulle kulturminne og kulturmiljø til under 0,4 prosent årleg

M5: basere auka produksjon og bruk av energi på energieffektivisering, fornybare energikjelder og utsleppsfree energi

M6: førebygge at uønskte hendingar skjer, og ha ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser

M7: ha ein leiande posisjon i utviklinga av ein grøn sirkulær økonomi med høg grad av gjenbruk, og god avfallshandtering





Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu

1 UTRYDDE FATTIGDOM



2 UTRYDDE SULT



3 GOD HELSE



4 GOD UTDANNING



5 LIKESTILLING MELLOM KJØNNENE



7 REN ENERGI FOR ALLE



11 BÆREKRAFTIGE BYER OG SAMFUNN



16 FRED OG RETTFERDIGHET



Aktuelle fylkesplanmål:

14: ha eit utdannings- og kompetansetilbod som møter behova i samfunnet, og fører til inkludering, integrering, verdiskaping, nytenking og livslang læring



Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein innovativ offentleg sektor

8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST



9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR



10 MINDRE ULIKHEIT



12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON



Aktuelle fylkesplanmål:

V1: ha eit omstettingsdyktig næringsliv som grip moglegitetene i det grøne skiftet og opprettheld og styrkar si internasjonale konkurranseskraft

V2: skape fleire og betre nyetableringar og løfte fram bedrifter med potensial for vekst og internasjonalisering

V3: vere leiande i arbeidet med å skape lokale og miljøvennlege produkt og tenester, basert på lokale ressursar og lokal kultur

V4: styrke omstettings- og innovasjonsevna, utnytte digitale mogleheter, og auke bruken av forsking, internasjonalt samarbeid og innovative innkjøp

V6: ha eit mangfaldig arbeidsliv som legg til rette for likestilling og inkludering, og som legg reglar og avtalar i arbeidslivet til grunn






Lenker til andre relevante fylkesstrategiar

Andre fylkesstrategiar og regionale planer inneholder mål og strategiar og retningslinjer som vil vere førande også for landbruksnæringa. Dei viktigaste er:

- Fylkesplan for Møre og Romsdal
- Fylkesstrategi for miljø, klima og energi
- Fylkesstrategi for byar og tettstader
- Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion
- Fylkesstrategi for forsking og innovasjon
- Melding om Kystsakbruket 2022
- Fylkesstrategi for tilbod i vidaregåande opplæring

Alle regionale planer og fylkesstrategiar er å finne her: <https://mrfylke.no/om-oss/planar-planarbeid-og-hoeyringar/regionale-planar>



Nasjonale planer, meldingar og strategiar med relevans for fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal

Meld. St. 11 (2016–2017) – Endring og utvikling – en fremtidsrettet jordbruksproduksjon

«Jordbrukets samfunnoppdrag er lønnsom og trygg matproduksjon i tråd med forbrukernes interesser, produksjon av fellesgoder og bidrag til sysselsetting og verdiskaping i hele landet. Landbrukspolitikken har fire overordnede mål: matsikkerhet, landbruk over hele landet, økt verdiskaping og bærekraftig landbruk med lavere utslipp av klimagasser».

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-11-20162017/id2523121/sec1>

Strategien Skog og trenæringa – ein drivar for grøn omstilling (2019)

Dette er ein strategi for auka forskings-, utviklings- og innovasjonsaktivitet i skog og trenæringa, og for å stimulere etterspurnaden etter grøne, trebaserte produkt.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/skog--og-trenarin-ga--ein-drivar-for-gron-omstilling/id2631970/>

Opplevingar for ein kvar smak-strategi for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar

«Hovudmål: Auka verdiskaping for mat- og reiselivsaktørar i landbruket og reindrifta».

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/opplevingar-for-ein-kvar-smak/id2527442/>

Kjente ressurser – uante muligheter (2016)

«Den nasjonale strategien for bioøkonomi «Kjente ressurser – uante muligheter» skal fremme økt verdiskaping og sysselsetting, reduserte klimagassutslipp, og mer effektiv og bærekraftig utnyttelse av de fornybare biologiske ressursene».

<https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/biookonomi-i-landbruket/biookonomi-i-norge/id2564532/>

Nasjonal strategi økologisk jordbruk 2018–2030

«Mål for strategien er å stimulere til økologisk produksjon som er etterspurt i markedet. Innsatsen skal rettes inn mot tre områder: Kunnskap og kompetanse, legge til rette for økologisk produksjon og utvikling av en effektiv verdikjede».

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonal-strategi-for-okologisk-jordbruk/id2607229/>

Meld. St. 6 (2016–2017) Verdier i vekst – konkurransedyktig skog- og trenæring

«Med grunnlag i en beskrivelse av skogressursene omtaler meldingen bærekraftig skogbruk, effektiv transport fra skog til industri, konkurransedyktig og verdiskapende foredlingsindustri og forskning og innovasjon i skogsektoren».

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20162017/id2515774/>



Meld. St. 13 (2020–2021) – Klimaplan for 2021–2030

«Kutt i utsleppa, ikkje i utviklinga»

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-13-20202021/id2827405/>

Landbrukets klimaplan 2021–2030

«Planen viser hvordan et samla jordbruk gjennom åtte satsingsområder skal nå målet om kutte klimagassutslipp og øke opptaket av karbon i jord fra 2021 til 2030. I løpet av 10 år og 10 sesonger skal vi både kutte landbruks samla klimagassutslipp og øke opptaket av karbon i jorda tilsvarende 5 millioner tonn CO₂-ekvivalenter».

<https://www.bondelaget.no/bonde-laget-mener/miljo-og-klima/klima/landbrukets-klimaplan-pdf/>

Matnasjonen Norge (2021)

«Strategien samler og synliggjør koblinger mellom næringspolitikken på matområdet og helse- og folkehelsepolitikken».

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/matnasjonen-norge/id2834496/>

Nasjonal strategi for urbant landbruk

«Hovedmålet med strategien er å legge til rette for urbant landbruk i byer og tettsteder».

<https://www.regjeringen.no/no/tema/mat-fiske-og-landbruk/jordbruk/innsikt/urbant-landbruk/strategier-for-urbant-landbruk/id2906259/>



Kunnskapsgrunnlag

Fylkesstrategien byggjer på følgjande rapportar:

- **NIBIO rapport, vol. 8, nr. 64, 2022:** Verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri i Møre og Romsdal

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2990742>

- **Ruralis rapport nr. 6/2022:** Trender i norsk landbruk 2022 – regional rapport for Møre og Romsdal

<https://ruralis.no/publikasjoner/r-6-22-trender-i-norsk-landbruk-2022-regional-rapport-for-more-og-romsdal/>

Lenker til andre relevante kunnskapskjelder:

NIBIO rapport vol. 8, nr. 62 2022:

Statistikk over skogforhold og -ressurser i Møre og Romsdal – Landsskogtakseringen 2016–2020

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2990021>

Ruralis rapport 1/2022:

Kartlegging av muligheter for økologisk landbruk i Møre og Romsdal

<https://www.statsforvalteren.no/nb/Møre-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordbruk/jordbruk-og-miljo/Okologisk-landbruk/mogelegheiter-for-meir-okologisk-landbruk-i-more-og-romsdal/>

NIBIO rapport vol.7, nr. 46, 2021:

Investeringsbehov innen melkeproduksjon

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2732512>

Berekraftfylket Møre og Romsdal:

berekraftprofil mai 2021:

<https://mrfylke.no/om-oss/prosjekta-vaare/berekraftfylket-moere-og-romsdal>

Fylkesstatistikk for Møre og Romsdal:

<https://mrfylke.no/naering-og-samfunn/statistikk-analyse-og-kart>







Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon: 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no

- ein tydeleg medspelar

